



Dette er campen under orreleiken i fjor. (Foto: Barnas Turlag)

Turprogrammet for Kvinnherad Turlag vart ikkje ferdigtrykt til årsmøtet torsdag, men det føreligg og er eit utruleg mangfoldig tilbod til alle turglade. Det spenner til dømes frå orreleik i Uskedalen til fottur i Skottland!

Orreleiken tar til å bli ein tradisjon for Barnas Turlag og dette året er han plotta inn 2. og 3. Mai.

Som før blir det lagt opp til overnatting i lavvo og Bjørn Olav Tveit er turleiar.

Turen i Skottland er det seniorgruppa som lokkar med - frå 3. til 13. mai - og seniorane skal gå West Highland Way. Det er berre nokre få plassar att og Liv Kvandal og Tor Sandvik skal leia turen.

Seniorane skal ellers mellom anna gå Kikedalen i Hålandsdalen, og Vidden i Bergen og dei skal på Rondane-tur! Den sistnemnde er frå 17. til 22. august. Men dei er på farten allereie 17. februar – til Sydnessåto.

Barnas Turlag startar allereie 7. februar med skileik i Fjellhaugen. Lengst avgarde ber det 13.-15. august då Hardangervidda vest står på programmet.

Fjellsportgruppa har mange spektakulære turar også dette året og startar allereie 6. og 7. mars med tur på tvers av Folgefonna. Gruppa held seg stort sett i nærområdet men dei skal også ha ski-basecamp i Ringsdalen i Jotunheimen 29. og 30. mai.

Fire kajakkurar står på programmet dette året og to av dei overnattingsturar – til Fitjarøyane og Nærøyfjorden.

Hovudlaget startar 28. februar med måneskinstur på ski i Fjellhaugen. Klassikaren til Ulvanåso er 11. april og ein annan klassikar – den over Foinna – 1. og 2. mai. Frå 5. til 8. august blir det ein skikkeleg tur i Hardangervidda vest med Jan Egil Apeland og Kjell Yri som turleiarar. Ruta er Hjølmo-Hadlaskar (2 netter)-Hårteigen-Stavali. Eit av dei mange spesielle turane er Åkrafjorden – med færing og kløvhest - og ein annan oppdagarferd ved Botnabrea. Her har nytt land ikkje vore synleg dei siste 4.000 åra, men no kjem det fram i smeltinga!

Av Ola Matti Mathisen